

Nei til kommunesamanslåing

Vindafjord SV har etter interne drøftinger tatt eit klart nei- standpunkt til intensjonsavtalen og den aktuelle kommunesamanslåinga.

Reforma vert presentert som ei tilrettelegging for å redde velferd, busetnad og fagmiljø i distrikta. Samstundes vert denne «redningsaksjonen» følgd opp med omlegging av dei økonomiske overføringane, noko som gjer at det heile meir liknar på ei tvangssamanslåing gjennom «struping», enn tilrettelegging for robuste kommunar. Regjeringa sitt mål om større kommunar legg til rette for privatisering av kommunale tenester, det er SV imot.

Vindafjord SV ser at samfunnsutviklinga har ført til at det kan vera fornuftig å ha færre kommunar i landet, mange er svært små og sårbar. Dette tok Vindafjord/Ølen konsekvensen av i 2006 og gjekk saman i ein ny kommune. Ingen vil tilbake, alle

ser fordelen.

Regjeringa er utsydelege på oppgåvene til kommunar, fylke og regionar, ja heile reformen kjem i feil rekkefølge. Inndeling og oppgåver til regionane burde vore gjennomført og klargjort før kommunereforma. Difor velger SV å seia at i Vindafjord kommune gjorde me vårt i førre kommunesamanslåing og vel å stå over i denne fasen. Me står over, ikkje minst i påvente av regjeringsskifte i 2017 – og ei anna fordeling av midlane til kommunane.

Nei-standpunktet vårt er også grunna i intensjonsavtalen, som må oppfattast som eit styringsdokument for utvikling av ein eventuelt ny kommune.

Me som bur i kommunen er sjølv sagt mest opptekne av kva ei samanslåing vil bety i praksis, kva vil skje med tenestetilbodet ut frå intensjonsavtalen? Verdien «Levande bygder» er overordna i Vindafjord, det har

me alle gått til val på, denne verdien manglar i avtalen.

I omgrepet «Levande bygder» ligg desentralisert barnehage- og skulestruktur, tilrettelegging for busetnad, kulturtildob og for infrastruktur. Intensjonsavtalen, som legg seg nær opp til Etne sin barnehage- og skulestruktur, bygger ikkje opp rundt «Levande bygder». Strukturendringar kan møtta koma likevel, men som eigen kommune har me hand om dette, og må ta ansvaret sjølv.

Avtalen skisserer fire omsorgsentra i den nye kommunen. Kva eit omsorgsenter er, er ikkje definert. Fire senter vil bli ei stor økonomisk bør for ein kommune på 13.000 innbyggjarar. Avstandane er store, mulig spesialisering på dei ulike sentra vil gi ennå lengre avstandar.

Dei fleste områda er lite konkretiserte i avtalen, med eit enkelt unntak: Kultur. Her

skal det byggast på Etne sin posisjon og all administrasjon, samt hovudbibliotek skal vera på Skakkesenteret. Resten av kommunen skal ha eit desentralisert tilbod, kva form og verdi vil det bety for innbyggjarane? Vindafjord brukar allerede minimalt med pengar på kultur, men bibliotek og ein fagleg sterkt, desentralisert kulturskule, er sterkt forankra i kommunesenteret Ølen. SV fryktar at kostnader til Skakkesenteret og store avstandar vil føra til eit oppstykkja kulturtildob, at undervisningstilbodet vil bli fagleg svekka og at den møteplassen som biblioteket er i dag vil forsvinna.

Aller viktigast, gode innbyggjarar, er likevel å bruka stemmeretten. Dersom du kjende deg att i nokre av standpunktene våre, stemmer du NEI!

Godt val!

*Vidar Samland
leiar i Vindafjord SV*

Første hinder av vegen

Styringsgruppa sitt samla vedtak om å leggja namnet på ein eventuell ny kommune på hylla til etter folkerøystinga 26. september, har gjort vegen mot ein felles kommune lettare for mange. Per Fatland, Vindafjord Høgre, innrømmer at valet om Etne som nytt kommunenamn, var klønnete. Men nå har dei retta opp feilen, og stor heider til dei for det.

Nå kan me samla oss om dei store og viktige spørsmåla når me skal gjera oss opp ei meiningsom samanslåing. Men som det har komme fram på folkemøta i begge kommunane, og gjennom annan informasjon, er det mange ubesvarte spørsmål. Det

einaste som er sikkert, er at det blir ikkje som i dag for nokon av kommunane. Det er stadfesta i den nye kommunereforma fra staten. Så uansett samanslåing eller ikkje, så vil det bli endringar.

Me kan lika det eller ikkje, men både i den offentlege forvaltinga og i det private næringslivet, fører den rivande utviklinga på alle felt til rasjonalisering og større einingar. Å tru noko anna, er å gå i revers. Men i motsetnad til dei private, som i stor grad må ta denne jobben aleine, får dei kommunane som slår seg saman hjelp frå styremaktene gjennom mange millionar kroner i ulike tilskotsordningar i fleire år

etter samanslåinga.

På folkemøtet i Ølen tysdag 20. september kom det klart fram at både Etne og Vindafjord kvar for seg står framfor store økonomiske utfordringar. Ved å slå seg saman blir dei utfordingane lettare å takla.

Skifte frå Hordaland til Rogaland har vore ein vond kamel å sveglja for enkelte i Etne. Men Hordaland har sjølv gjort den vegen enklare. Politikarane der vil vraka Etne vgs og ber Rogaland ta seg av elevane, skuletannhelsa har dei flytta til Ølen ved eit pennestrok. Og om ikkje det er nok, så har fylkesmann Lars Sponheim fjerna Etne frå sitt framtidige kommunekart over

Hordaland. I ein kommentar seier han at Etne kan venda seg til Vindafjord.

Dette er klar tale og kan ikkje skapa tvil om kva veg Etne må gå.

Mi oppmoring til alle er å droppa den usynlege grensa på Fikse og røysta JA til ein ny og levedyktig kommune i ein region som har alt me kan ønska oss. Det er opp til oss sjølv å ta vare på og utvikla ressursane til beste for alle som bur og arbeider her, både i dag og framtida.

*Aslaug Olden Mala
Etne*

Stem nei

Me i Norges Kommunistiske Parti oppfordrar befolkning i Vindafjord kommune å stemme NEI på folkerøysting om samanslåing med Etne kommune. Den nye monstrum-kommune skulle ha over 1.350 kvadratkilometer, nesten så mykje som Færøyane, som har nesten 50 tusen innbyggjarar. Avstand mellom Etne og

Vikebygd, altså i den same, nye kommunen, er på heile 44 km, som ville gjere reise på kommunearrangement i Etne nedslåande for mange av innbyggjarane.

Denne regjeringa, i større grad enn den forrige, driv med intens nyliberal føring av økonomien, til fordel for sine vener og kabalen av rike bakhjem som finansierer

partia. Det er altså ein klassekrig der ressursane blir overført frå arbeidarklassen (70% av befolkningen) til dei rike. Me er litt overraska over at Sp også deltar i dette spelet. Regjeringa vil svekke lokaldemokratiet og omgjøre offentlege tenester til private profitføretak. Logikken med samanslåing er at offentlege tenester blir større og

dermed meir profitable for store konsern, også utanlandske, som gjerne vil overta dei.

Dersom me seier ja til samanslåing, sluttar det ikkje no. Den nye kommunen blir ein dag slått saman med andre.

*Andrea Degobbis
NKP Rogaland*

Kommunereformen og de unges kulturtildob

Det vil framover bli store endringer på kommunekartet, og det er viktig å diskutere hvordan sammenslåingene kan bedre det kommunale tjenestetilbodet, uten at vi mister det som fungerer godt i dag.

Kulturområdet har i liten grad vært en del av kommunestukturdebatten, men også for det ligger det både muligheter og utfordringer. Det er ingen hemmelighet at mange kommuner i dag har små budsjett og kapasitet på kulturområdet, og større fagmiljø vil kunne tilby bedre tilbod. Vi vil likevel peke på noen punkter som må ivaretas dersom vi ikke skal miste det som fungerer godt i dag, nemlig nærlhet til brukerne, trygghet, eierskap og grasrotengasjement.

UKM (Ung Kultur Møtes, tidligere Ungdommens Kulturmønstring) har i over 30 år vært et av de største og viktigste offentlige kulturtiltakene for ungdom.

UKM er et tilbod for ungdom under 20 år som driver med alle tenkelige kulturuttrykk - journalistikk, TV-produksjon, arrangementsplassering og mye mer. På tross av nye mediestyrt konsepter og et mangfold av kulturtildob, har UKM likevel vokst, hvert år deltar over 23 000 ungdommer. Ganske imponerende - og det skyldes to forhold. For det første er UKM ungdommens egen arena, hvor ungdom selv er aktive i alle prosesser. For det andre, og dette er poenget med denne kronikken, er UKM et lokalt lavterskelttilbod, hvor både ungdom, foreldre og lærere føler et eierskap, og hvor det oppleves trygt å engasjere seg.

Livet leveres lokalt, og kulturlivet er kanskje det viktigste limet i lokalsamfunnet. Det er viktig at de offentlige tilbodene som kulturskole, Den Kulturelle Skolesekken, fritidsklubbene og UKM er til stede der

folk bor. Kultur er også en viktig bidragsyter til hverdagsintegrasjon, spesielt for barn og unge, og det må skje i lokalsamfunnene.

UKM Norge har de siste årene brukt store ressurser til å stimulere UKM i kommunene. I mange lokalsamfunn er UKM i ferd med å bli en utviklende helårsarena for ungdomskultur, med workshops og møteplasser gjennom året. Den årlige UKM-mønstringen er for mange kommuner et av de største kulturrangementene. Arrangementet bygger identitet og stolthet, bringer fram nye talenter og styrker det engasjementet alle lokalsamfunn er avhengig av.

Oppslutningen om UKM er størst i små kommuner. Nærheten mellom deltakere og arrangør er den viktigste grunnen. Regjeringens intensjon er at reformen skal styrke tjenestetilbodet i kommunene. Det må derfor ikke bli slik at

kommunesammenslåing fører til rasjonalisering og sentralisering av kulturtildobet. Det må tvert imot sikres at sammenslåtte kommuner fortsatt bidrar til et stimulerende og trygt kulturtildob for barn og unge i alle deler av kommunen.

Vi er sikre på at det er liten politisk uenighet om dette, men det skjer ikke av seg selv! Derfor må regjeringen være tydelig overfor de nye kommunene om forventninger også på kulturområdet. Slik bevarer vi det som er viktige byggeklosser i dagens kulturelle grunnmur, samtidig som det legges grunnlag for å utvikle nye spennende tilbod gjennom mer robuste kommuner. Dette bidrar vi gjerne til i samarbeid med Kulturministeren.

*Torstein Siegel
dagleg leiar UKM Norge
Bård Eidet
styreleiar UKM Norge*